

Eidsdal Kraft AS  
Berge  
6215 EIDSDAL

Vår dato: 29.08.2018  
Vår ref.: 200706028-33  
Arkiv: 317 /099.1A5  
Deres dato:  
Deres ref.:

Saksbehandler:  
Jan Henning L'Abée-Lund  
22 95 90 76/lbl@nve.no

## Vedtak om lovbrotsgebyr – for stor maksimal slukeevne i Eidsdal kraftverk – Eidsdal Kraft AS, Norddal kommune

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) gir Eidsdal Kraft AS eit lovbrotsgebyr på kr 700 000 for å ha hatt for stor maksimal slukeevne i Eidsdal kraftverk.

### Vedtak om lovbrotsgebyr

NVE gir Eidsdal Kraft AS

- eit lovbrotsgebyr for brot på vassdragskonsesjonen av 14.2.2005 til å drifte Eidsdal kraftverk med ei maksimal slukeevne på 3,6 m<sup>3</sup>/s.
- Eidsdal kraftverk er drifta med ei maksimal slukeevne på 4,18 m<sup>3</sup>/s i perioden 1.1.2015-4.6.2018.
- Lovbrotsgebyret er sett til kr 700 000.
- Lovbrotsgebyret skal betalast innan åtte veker frå datoen på brevet.

Vedtaket har heimel i vassressurslova §60 a.

### Bakgrunn

Tafjord Kraftproduksjon AS sende på vegne av grunneigarane som hadde fallrettar i Eidsdalselva, søknad om å byggje Eidsdal kraftverk i Norddal kommune. Det blei søkt om eit maksimalt vassuttak på 4,2 m<sup>3</sup>/s. NVE ga konsesjon til Eidsdal Kraft AS (EK) til å byggje Eidsdal kraftverk i vedtak datert 14.2.2005. I konsesjonen vart maksimal slukeevne redusert til 3,6 m<sup>3</sup>/s for å forlenge særleg flaumsesongen på forsommaren til gunst for anadrom fisk på strekninga nedanfor Juvfossen. EK klaga på vedtaket. Olje- og energidepartementet (OED) opprettheldt vedtaket til NVE i vedtak av 4.1.2006. I grunngjevinga for vedtaket, skreiv OED:

*«Olje- og energidepartementet viser til at det omsøkte tiltaket vil medføre en meget stor reduksjon av vannføringen på den berørte elvestrekningen. Det er behov for å sikre tilstrekkelig vannføring og*

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

**Hovedkontor**  
Middelthunsgate 29  
Postboks 5091, Majorstuen  
0301 OSLO

**Region Midt-Norge**  
Abels gate 9  
7030 TRONDHEIM

**Region Nord**  
Kongens gate 14-18  
8514 NARVIK

**Region Sør**  
Anton Jenssensgate 7  
Postboks 2124  
3103 TØNSBERG

**Region Vest**  
Naustdalsvegen. 1B  
6800 FØRDE

**Region Øst**  
Vangsvæien 73  
Postboks 4223  
2307 HAMAR

*fuktighet til livsmiljøene på utbyggingsstrekningen, også i tørre perioder. Både av hensyn til landskapsopplevelsen og det biologiske mangfoldet er det derfor nødvendig å øke overløpet og slippe minstevannføring.»*

Eidsdal kraftverk vart sett i drift 27.9.2006

I søknaden om elsertifikater datert 14.8.2015 opplyste EK at den offisielle målaren som vert avlesen av Mørenett viste at Eidsdal kraftverk hadde ei maksimal produksjon på 7,15 MW. Samstundes opplyste verksemda at maksimal produksjon var avgrense til 5,4 MW fram til slutten av 2014. I e-post datert 20.10.2015 opplyste verksemda at anlegget hadde ei maksimal slukeevne på 4,1 m<sup>3</sup>/s. I ettertid korrigerte verksemda opplysningane i e-post 6.6.2016 og 6.7.2016, der det mellom anna vart opplyst at maksimal slukeevne i kraftverket var 3,88 m<sup>3</sup>/s.

På bakgrunn av opplysingar i søknad om elsertifikat, som referert til ovanfor, har NVE sjekka produksjonsverdiar frå Statnett AS og funne at Eidsdal kraftverk har hatt ei maksimal levert effekt på 7,15 MW.

Handsaminga av søknaden om elsertifikat avdekkja at kraftverket hadde ei slukeevne som gjekk ut over rāmene i konsesjonen. NVE handsama utvidinga som ein planendringssøknad og gjorde vedtak 8.7.2016 om at «NVE gir ikke tillatelse til økt slukeevne i Eidsdal kraftverk. Den konsesjonsgitte maksimale slukeevnen i Eidsdal kraftverk er 3,6 m<sup>3</sup>/s».

EK klagja 16.8.2016 på avgjersla til NVE og hevda at auka slukeevne var tatt omsyn til og godkjent i detaljplanen. NVE fant ikkje grunn til å endre sitt vedtak og vidaresendte klagen til OED 20.1.2017 for endelig avgjersle. OED avgjorde saka 20.10.2017 og oppretthaldt vedtaket til NVE frå 8.7.2016.

EK informerte i brev til NVE datert 5.9.2016 om at anlegget var justert slik at slukeevna var i samsvar med konsesjonen. NVE bad i e-post datert 6.9.2016, om at slukeevna ved maksimalt pådrag skulle målast av kompetent personell. EK orienterte NVE i e-post 12.1.2017 om at desse målingane skulle gjerast så snart det var mogleg. NVE etterlyste denne dokumentasjonen 5.2.2018. Den 24.5.2018 mottok NVE resultat frå målingar av vassføring, gjennomført med saltmetoden. Dei fire målingane sprika slik at verksemda ville supplere målingane med bruk av måling med ultralyd. Resultatet av desse målingane vart oversendt 25.5.2018. Målingane viste svært liten variasjon for kvart av dei fire trinna («step») turbinen vart innstilt på. På denne bakgrunn kunne NVE konkludere med at «step» 37 gav ei maksimal slukeevne på 3,55 m<sup>3</sup>/s, noko som ligg innanfor rāma i konsesjonen. Maksimal effekt er då 5,8 MW. EK orienterte NVE den 5.6.2018 om at kraftverket var justert i samsvar med dette den 4.6.2018.

NVE varsla EK om lovbrotsgebyr den 24.2.2017. I svarbrevet frå EK datert 28.2.2017 skreiv de at konsesjonsvilkāra ikkje vart brotne med overlegg og at de trudde turbinane som blei godkjent i detaljplanen også gjaldt slukeevna. EK opplyste òg om eit økonomisk underskot i 2014 og 2015 på høvesvis kr 754 698 og kr 1 722 312. Brevet gjentok òg argumenta i konsesjonsvedtaket om at slukeevna skulle reduserast til 3,6 m<sup>3</sup>/s.

## **Vurderinga til NVE**

### **Rettsreglar som er brote**

NVE meiner at EK har brote vassdragskonsesjonen av 14.2.2005. Saman med konsesjonen fekk EK oversendt KTV-notat 15/2005. Pliktane som inngår i dette notatet er ein del av vilkāra i konsesjonen. I oppsummeringa og konklusjonen i notatet står det på s. 19 mellom anna:

*«NVE er av den oppfatning at en utbygging i samsvar med søknaden vil gi uakseptable miljøvirkninger. Det viktigste er de negative effektene på de anadrome bestandene i elva. For at konsesjon skal gis, er det av stor betydning at Eidsdal kraftverk blir et akseptabelt inngrep. Dette kan oppnås ved at*

- *kraftstasjonen flyttes 150 m oppstrøms til kote 220 i samsvar med de opprinnelige planene som fikk fritak fra behandling i Samlet plan.*
- *turbinens største slukeevne reduseres til 3,6 m<sup>3</sup>/s.*
- *forbislippingsventilen i kraftstasjonen har en kapasitet på minimum 1,8 m<sup>3</sup>/s.*
- *det slippes en minstevannføring på 200 l/s forbi inntaket hele året.*
- *utformingen av inntaksdammen vies spesiell oppmerksomhet slik at den harmonerer med det gamle, istandsatte kvernhuset oppstrøms inntaksbassenget og kløfta elva renner i.»*

I handsaminga av klaga stadfesta OED 4.1.2006, at den øvre grensa for slukeevna på 3,6 m<sup>3</sup>/s er eit av vilkåra i konsesjonen. OED gjentok dette 20.10.2017 i samband med ny klagehandsaming av auka slukeevne. I søknadsprosessen for elsertifikat for Eidsdal kraftverk, oppgav verksemda at maksimal slukeevne i kraftverket var 4,1 m<sup>3</sup>/s. NVE meiner difor det føreligg eit klart brot på konsesjonen av 14.2.2005.

### **Heimel og vilkår for lovbrotsgebyr**

Heimel for at NVE kan gje lovbrotsgebyr i denne saka er vassressurslova § 60a, første ledd, første punkt som lyder: «*Vassdragsmyndighetene kan ilegge lovbrotsgebyr til den som forsettlig eller uaktsomt overtrer eller medvirker til overtredelse av bestemmelser gitt i eller i medhold av denne lov*».

NVE fekk ved kgl.res. 26.3.2010 delegert mynde til å gje lovbrotsgebyr etter vassressurslova.

NVE sin heimel til å gje lovbrotsgebyr etter vassressurslova § 60 a, for brot på reglane i vassressurslova, vart innført med verknad frå 1. januar 2010. Kraftverket vart sett i drift 27.9.2006. NVE har difor ikkje høve til å gje lovbrotsgebyr for installeringa av for høg slukeevne, eller for drifta av kraftverket, i tida fram til 2010. Det er berre drifta med for høg maksimal slukeevne utan naudsynt konsesjon frå og med 1.1.2010, som NVE kan vurdere i høve til lovbrotsgebyr.

NVE kan gje lovbrotsgebyr i det tilfellet det er dokumentert at den ansvarlige har brote vassressurslova eller eit eller fleire av vilkåra som følgjer av løyvet som er gitt med heimel i vedtak i medhald av lova, og at handlinga vart utført forsettleg eller aktlaust. Det følger av vassressurslova § 60 a tredje ledd at også føretak kan ileggas lovbrotsgebyr.

Det er opp til NVE å avgjere om vi vil gjere vedtak om lovbrotsgebyr når desse rettslige vilkåra er oppfylt. Vassressurslova § 60 a fjerde ledd angir kva omsyn det særlig skal leggest vekt på i vurderinga.

### **Dokumentasjon**

I denne saken har NVE lagt til grunn informasjon som låg til grunn for konsesjonsvedtaket 14.2.2005 og i handlinga av søknaden om elsertifikat.

### **Korleis NVE vurderer dei faktiske forholda**

For at NVE skal kunne gje lovbrotsgebyr, må vi kunne dokumentere at EK har brote grensa for slukeeva som vart fastsett i vassdragskonsesjonen av 14.2.2005.

NVE meiner det er klart at Eidsdal har hatt ei maksimal slukeevne som har vore større enn det konsesjonen ga høve til. NVE grunnjev dette med dei opplysningane verksemda har gitt i

elsertifikatsøknaden og opplysningar om største produksjon dokumentert av Mørenett og Statnett. Desse to netteigarane har opplyst at største produksjon har vore 7,15 MW.

Søknaden om elsertifikat viste at Eidsdal kraftverk hadde ei maksimal installert effekt på 7,15 MW, sjølv om denne ikkje var praktiset før 2015. I e-post datert 20.10.2015 opplyste EK at anlegget hadde ei maksimal slukeevne i turbinen på 4,1 m<sup>3</sup>/s. I ettertid korrigererte EK opplysningane i e-post 6.6.2016 og 6.7.2016, der det mellom anna vart opplyst at maksimal effekt var 6,78 MW og at slukeevna i kraftverket var 3,88 m<sup>3</sup>/s.

Produksjonsdata kan nyttast til å rekne ut slukeevna. Maksimal potensiell effekt er produktet av tyngdekrafta, maksimal slukeevne, netto fallhøgde og virkningsgrad i turbinen. I dette høvet er netto fallhøgde 192 m. I søknaden om elsertifikat opplyste de at maksimal effekt var 6,085 MW ved 3,59 m<sup>3</sup>/s som tilsvarer ein virkningsgrad på 0,90. I konsesjonssøknaden vart det søkt om maksimal effekt på 7 MW og maksimal slukeevne på 4,2 m<sup>3</sup>/s, noko som tilsvarer ein virkningsgrad på 0,88. Dette er etter måten høge virkningsgrader, men ikkje urealistiske. Koplast desse to virkningsgradene saman med 7,15 MWh/h, var slukeevne i størrelsesorden 4,2-4,3 m<sup>3</sup>/s. Dette er i nærleiken av det som låg til grunn for konsesjonssøknaden. Dersom virkningsgraden var lågare, ville forbruket av vatn ha vore tilsvarande høgare. I mai 2018 blei ultralyd nytta for å kontrollere korleis turbinen skal være innstilt for å tilfredsstillе ei maksimal slukeevne på 3,6 m<sup>3</sup>/s. På «step» 37 var maksimal slukeevne 3,55 m<sup>3</sup>/s og det tilsvara 5,8 MWh/h. Med desse kontrollerte verdiane er virkningsgraden berekna til 0,87.

NVE registrerar at Eidsdal kraftverk blei køyrt med maksimal produksjon på 5,4 MW fram til slutten av 2014. Frå januar 2015 og fram til verksemda opplyste at kraftverket vart justert den 5.9.2016, har produksjonen periodevis vore 7,15 MWh/h og dermed høgare enn 6,085 MWh/h som tilsvarar 3,6 m<sup>3</sup>/s. NVE registrerar at produksjonen òg etter denne dato har vore høgare enn 6,085 MWh/h, men då i mindre omfang. Dette kan ikkje skuldast anna enn at nedjusteringa som verksemda har opplyst om ikkje har vore effektiv. Det er grunn til å tro at auka i produksjonen som skjedde 1.1.2015 kan sjåast i samanheng med endringa i grunnrenteskatten. Med verknad frå 1.1.2015 vart grensa for å få grunnrenteskatt heva frå 5,5 MVA til 10 MVA.

I denne saka meiner NVE at det føreligg klar sannsynlighetsovervekt for at verksemda har gått ut over grensa for maksimal slukeevne i Eidsdal kraftverk i perioden 1.1.2015-4.6.2018.

### **Korleis NVE vurderer dei subjektive vilkåra ved lovbrøtet**

NVE kan berre gje lovbrotsgebyr når det er dokumentert at dei ulovlege handlingane eller unnlatingane er utført forsettleg eller aktlaust av ein eller fleire personar som har handla på vegne av verksemda. Vi kan gje lovbrotsgebyr sjølv om det ikkje har vore mogleg å finne ut nøyaktig dei personane som sto for lovbrøtet. Dette gjeld og der det er fleire personar som til saman har brote ein regel. NVE kan ikkje gje lovbrotsgebyr for sokalla force majeure eller hendelege uhell. Det fritar ikkje for skuld at EK ikkje er kjent med dei rettsreglane som er brotne.

Når ein handling er utført med vitande og vilje, vil den være forsettleg. Forsett føreligg sjølv om de ikkje er kjent med at handlinga er ulovlig. Den som handlar i strid med kravet til forsvarleg opptreden på eit område, er i utgangspunktet aktlaus. Aktløysa er grov når handlinga er særskild klanderverdig og gir grunn til sterk bebreiding.

NVE legg til grunn at det i denne saka er ein eller fleire personar som har handla på vegne av EK.

I brev til NVE datert 28.2.2017 skreiv verksemda at «[v]i har ikkje brote konsesjonsvilkåra med overlegg, vi trudde at turbinane godkjent i detaljplanen også gjaldt slukeevne.»

Da detaljplanen vart handsama, inneheldt den ingen opplysningar om at maksimal slukeevne var blitt endra samanlikna med det som framkom av KTV-notat *Bakgrunn for vedtak*, og som låg til grunn for at konsesjon vart gitt. I KTV-notatet går det tydeleg fram at maksimal slukeevne skulle vere 3,6 m<sup>3</sup>/s, altså mindre enn det som blei omsøkt. Forståinga av dette vilkåret må verksemda ha oppfatta sidan de klagar på nettopp dette tilhøvet, og dette blei avgjort av OED 4.1.2006. Til tross for at EK hadde informasjon som klart viste grensene konsesjonen sette for slukeevne, vart Eidsdal kraftverk drifta med ein maksimal slukeevne som var nesten identisk med det som vart omsøkt. Søknaden oppga ei maksimal slukeevne på ca. 4,2 m<sup>3</sup>/s.

NVE registrerer at den maksimale produksjonen i kraftverket først blei utnytta i 2015. Før dette hadde verksemda sett ei grense på maksimal produksjon på 5,4 MW grunna grunnrenteskatten.

NVE meiner at verksemda måtte forstå at drift av anlegget med ein slukeevne opp mot 4,2 m<sup>3</sup>/s var i strid med konsesjonen. Kravet til subjektiv skyld er dermed oppfylt i denne saka.

### **Bruk av lovbrotsgebyr i denne saka**

Etter vassressurslova § 60 a fjerde ledd skal det ved vurderinga av om lovbrotsgebyr skal bli gitt, «*særlig legges vekt på*

- a) *overtredelsens grovhet,*
- b) *om overtreder ved retningslinjer, instruksjon, opplæring, kontroll eller andre tiltak kunne forebygget overtredelsen,*
- c) *om overtredelsen er begått for å fremme overtrederens interesser,*
- d) *om overtreder har hatt eller kunne oppnådd noen fordel ved overtredelsen,*
- e) *om det foreligger gjentakelse,*
- f) *overtreders økonomiske evne.»*

### *Dette er eit grovt lovbrutt*

NVE meiner at drift av ein turbin med ein maksimal slukeevne som er større enn det konsesjonen tillater, er eit grovt lovbrutt.

I konsesjonshandsaminga var forholda for dei anadrome fiskebestandene eit viktig tema. NVE meinte at ei utbygging i samsvar med søknaden ville gje uakseptable miljøverknadar for desse. Det vart difor sett krav om å flytte kraftverket lenger opp i vassdraget slik at anadrom strekning vart mindre påverka. I tillegg vart det sett krav om omløpsventil og ei minstevassføring på 0,2 m<sup>3</sup>/s gjennom heile året, samtidig som maksimal slukeevne blei redusert. I konsesjonshandsaminga vart tilhøvet mellom slukeevne og kravet til minstevassføring grundig vurdert. Ved å redusere den største slukeevna til turbinen vil det bli fleire dagar vassdraget får variabelt overløp frå inntaket. Ut frå dei hydrologiske vurderingane som NVE gjorde, ville særlig flaumsesongen tidleg på sommaren bli forlenga, og dermed betre tilhøva for anadrom fisk på strekninga nedstrøms Juvfossen. I periodar med overløp ville 0,5 m<sup>3</sup>/s være eit særskilt viktig supplement til kravet til minstevassføringa, særleg i tørre og middels tørre år. EK har trass desse vurderingane drifta kraftverket opp mot den omsøkte maksimale slukeevna.

Før 2015 leverte ikkje Eidsdal kraftverk utover 5,4 MW (tilsvarende omtrent 3,2 m<sup>3</sup>/s). NVE meiner at dette indikerer at EK har køyrt kraftverket ut frå utanforliggjande tilhøve som ikkje vedkjem konsesjonsvilkåra.

NVE legg til grunn at den informasjonen som er innsendt er truverdig. Vi registrerar at den maksimale produksjonen i Eidsdal kraftverk tidvis har vore på same nivå som i tidsrommet før EK informerte NVE om at kraftverket vart nedjustert. Vi meiner dette er særskilt grovt.

NVE meiner at det er grovt aktaust å drifte anlegget med ei slukeevne i strid med konsesjonen, særlig medan slukeeva var eit så sentralt tema under konsesjonshandsaminga. Vi viser til vurderinga og konklusjonen om skyldgrad ovanfor.

*Kunne overtreder ved ulike tiltak ha førebygt lovbrøtet?*

NVE meiner EK kunne ha unngått lovbrøtet ved å følge føringane om maksimal slukeevne som er sett i konsesjonen. Verksemda kunna ha gjort målingane av vassføring på eit tidligare tidspunkt. Verksemda underretta NVE 12.1.2017 at dette ville bli gjort så snart det var mogleg. Fyst 25.5.2018 fekk NVE resultat frå målingar som synte produksjonen ved høgste tillatne slukeevne på 3,6 m<sup>3</sup>/s.

*Er lovbrøtet gjort for å fremme interesser til verksemda?*

NVE meiner at drift med ulovleg høg maksimal slukeevne er gjort for å tene dei økonomiske interessene til verksemda. Etter NVE si vurdering må verksemda openbert ha skjøna at dette ikkje låg innanfor råma i konsesjonen

*Har verksemda hatt eller kunne oppnådd nokon fordel ved lovbrøtet?*

NVE meiner EK har oppnådd ein økonomisk fordel ved lovbrøtet. Drift med ein større slukeevne enn det som var gitt løyve til, har medført auka kraftproduksjon og dermed auka inntekter frå 1.1.2015 og fram til 28.5.2017. Vi har valt å dele denne perioden ved 5.9.2016 da EK opplyste at kraftverket blei justert etter vilkåra i konsesjonen.

Krafta vart levert til elspotområdet NO3 i den aktuelle perioden. Timeverdiar for dette området er henta frå Nord Pool AS. Det er ikkje uvanleg at kraftverkseigarar er plikta til å levere krafta til vesentleg andre priser enn timeprisene frå Nord Pool AS. NVE kjenner ikkje til kva avtale EK hadde for sal av kraft. Avrekningsdata med timesverdiar frå Statnett for perioden 1.1.2015-28.5.2017 vart nytta som grunnlag for berekningane og kopla opp mot dei tilsvarende timesverdiane frå Nord Pool AS.

NVE har berekna at mellom 1.1.2010 og 4.9.2016 produserte Eidsdal kraftverk 1,7 GWh utover 5,8 MWh/h (tilsvarende 3,6 m<sup>3</sup>/s). Den ulovlege kraftproduksjonen hadde ein økonomisk verdi på kr 274 000, gitt at den ble seld på elspotmarknaden.

Mellom 5.9.2016 og 4.6.2018 produsera kraftverket 1,3 GWh utover 5,8 MWh/h. Den ulovlege kraftproduksjonen hadde ein økonomisk verdi på kr 331 000, gitt at den ble seld på elspotmarknaden.

Den økonomiske vinsten av drifta av turbinen, med for stor slukeevne, utgjer med dette kr 605 000.

Eidsdal kraftverk sin søknad om elsertifikat er ikkje blitt handsama grunna brotet på konsesjon. Verksemda har dermed ikkje hatt inntekter gjennom denne ordning ved sal av ulovlig produsert kraft.

*Gjentaking*

NVE er ikkje kjent med at det føreligg gjentak. NVE meiner at auka slukeevne over tid er eit ulovleg forhold frå kraftverket blei satt i drift og fram til det vart retta.

*Den økonomiske evna til overtreder*

NVE har innhenta økonomiske opplysningar om EK frå [www.purehelp.no](http://www.purehelp.no). Den økonomiske stillinga blir vurdert å være svak. Alle tal er oppgitt i 1000 kr. Det har vært negativt årsresultat i perioden 2013-2016, medan det var positivt i 2009-2012.

	2016	2015	2014	2013	2012
Driftsinntekt	6972	4889	5218	6668	5575
Driftsresultat	2805	1477	1702	2833	1767
Årsresultat	-987	-1722	-755	-4512	1388
Utbytte	0	0	0	0	0
Sum eiendeler	48147	48962	49151	50139	50755
Sum gjeld	51798	51627	50094	50327	46432
Resultatgrad (%)	40,23	30,21	32,62	42,49	31,70
Gjeldsgrad (%)	-14,18	-19,37	-53,12	-267,70	10,74

### Oppsummering

På bakgrunn av vurderingane ovanfor, ser NVE at bruk av lovbrotsgebyr i denne saka ikkje er ein uforholdsmessig eller urimelig reaksjon. Etter ei samla vurdering gjev derfor NVE EK eit lovbrotsgebyr i denne saka.

### **Lovbrotsgebyrets størrelse**

Det følger vassressurslova § 60 a fjerde ledd at ved utmåling av lovbrotsgebyr skal det ”*særlig legges vekt på*

- a) *overtredelsens grovhet,*
- b) *om foretaket ved retningslinjer, instruksjon, opplæring, kontroll eller andre tiltak kunne forebygget overtredelsen,*
- c) *om overtredelsen er begått for å fremme foretakets interesser,*
- d) *om foretaket har hatt eller kunne oppnådd noen fordel ved overtredelsen,*
- e) *om det foreligger gjentakelse,*
- f) *foretakets økonomiske evne.”*

Vi viser til vurderingane i avsnittet ovanfor. NVE har ved utmåling av gebyret i denne saka lagt særleg vekt på at lovbrotet er grovt, den økonomiske vinninga og at lovbrotet vart gjort for å fremje interessene til verksemda. I skjerpande retning legg NVE til grunn at maksimal produksjonen tidvis har vore på same nivå etter at EK informera NVE om at kraftverket vart justert ned. I formildande retning legg NVE til grunn at økonomien i verksemda ikkje er god. NVE har i vurderinga av den økonomiske evna til verksemda, lagt vekt på at lovbrotsgebyret skal ha tilstrekkeleg preventiv verknad og være følbar, samtidig som den ikkje skal være urimelig eller uforholdsmessig. Som det framgår ovanfor har NVE estimert ein økonomisk vinst av auka vassuttak til ca. kr 600 000 i perioden 1.1.2010-4.6.2018.

Etter at lovbrotsgebyr som reaksjonsmiddel vart innført i vassdragslovgevinga i 2010, har NVE fatta fire vedtak om lovbrotsgebyr i tilsvarande saker med ulovlig produksjon. I desse sakane har storleiken på gebyret vore kr 150 000-750 000. Av dette har kr 45 000-650 000 vore knytta til ulovleg produksjon.

Etter ein heilskapleg vurdering vert lovbrotsgebyret etter skjøn sett til kr 700 000.

### **Om betaling av lovbrotsgebyr**

Verksemda skal betale lovbrotsgebyret til kontonummer 7694 05 08971, sjå vedlagte faktura. Innbetalt lovbrotsgebyr tilfell statskassa.

Lovbrottsgebyr er tvangsgrunnlag for utlegg etter tvangsfullbyrdelseslova<sup>1</sup> § 7-2 bokstav e, jf vassressurslova § 60 a andre ledd.

Ved forsinka betaling kan Statens innkrevingsentral krevje rente etter forsinkelsesrenteloven. Dette følger av lov om Statens innkrevingsentral § 7.

### **Retten til å klage**

Denne avgjerda er det høve til å klage på til Olje- og energidepartementet av partar i saka, og av andre med rettsleg klageinteresse innan 3 veker frå det tidspunkt denne underretning er komen fram, jf. forvaltningslova kapittel VI. Ei eventuell klage skal grunngjevast skriftlig, stilast til Olje- og energidepartementet, og sendast til NVE. Vi ynskjer elektronisk innsending til vår sentrale e-postadresse [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no).

Det vert gjort merksam på at innbetaling av lovbrotsgebyr skal skje uavhengig av ei eventuell klage, i tilfelle klaga ikkje vert gitt utsett verknad. Utsett verknad betyr at iverksetting av vedtaket vert utsett til klaga er avgjort. Å gje ei klage utsett verknad kan etter krav skje i samsvar med forvaltningsloven § 42.

Med hilsen

Ingunn Åsgard Bendiksen  
direktør

Mari Hegg Gundersen  
seksjonssjef

*Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner.*

Vedlegg: Faktura

Kopi: Fylkesmannen i Møre og Romsdal  
Norddal kommune

---

<sup>1</sup> LOV-1992-06-26-86